

MILJØHANDLINGSPLAN: skuleåret 2016-2017

I skulen sine lovpålagte organ: AMU og SKULEMILJØUTVALET vil miljøspørsmål vera aktuelle saker gjennom heile skuleåret. Ved kvart møte vil ein ha ein gjennomgang av psykisk og fysisk arbeidsmiljø, «funn» på vernerundar m.m.

Skulemiljøutvalet vil vera Fitjar vgs sitt miljøråd. Dette utvalet er samansett av leiinga ved skulen, tilsette og elevar (elevane skal vera i fleirtal).

Tema: Avfall – sortering og reduksjon

Fitjar vgs vil halda fram med dette tema også dette skuleåret. Ein vil i kvar klasse ved skulestart gå gjennom «reglane» for sortering. Lærarane som får dette ansvaret vil og drøfta med elevane kvifor det er viktig å sortere avfallet.

Tema: Helse, inneklima og skulemiljø

Kvar klasse skal laga sine egne klassereglar. Det må vera reglar som seier noko om korleis me skal ha det i klasserommet vårt i forhold til luft, lys, rydding m.m. Alle tilsette ved skulen er pålagt å sjekka om alle lys er sløkt når dei går frå klasserommet.

Skulen skal ha fokus på mat som vert seld i kantina. Me skal ha ein «grøn» meny og me skal ha fokus på sunn mat. Målet er å utvida tilbodet til og å kunne tilby økologisk mat og mat til allergikarar. Dette skuleåret vil me oppretta eit kantineråd som skal sjå på heile kantinedrifta (økonomi, tilbod, opningstider.....).

Fitjar vgs er ein pilotskule innan den «Helsefremjande skulen». Det er sett ned ei prosjektgruppe med representantar frå leiinga, lærarane, kantinetilsette og elevar. Prosjektet går ut på å systematisere / finne aktivitetar som går inn i ein «Helsefremjande skule» definisjon.

I løpet av året vil me ha «tema-lunsj» for elevar og tilsette (i lag) der me kjem til å ta opp ulike tema:

- mobbing
- nettvett (digital mobbing)
- kosthold
- helse
- miljø
- ymse tema

Tema: Vannressursar, Klima, Interessekonfliktar, Friluftsliv, Energi, Biologisk mangfald....

Mange av desse tema finn ein att i kompetansemåla for mange fag slik at elevane får arbeida grundig med ulike spørsmål innan miljø.

Tema: Reduksjon av CO₂-utslepp.

Informasjon til tilsette og elevar om

- Hordaland fylkeskommune sin miljøhandlingsplan.
- Tiltak som reduserer CO₂-utslepp.

Oppmoda tilsette å nytta kollektive transportmidlar til tenestereiser og til/frå jobb.

«Sykle/gå-til jobben» aksjon for tilsette og elever. Lage konkurranse.
Bygge sykkelskur.

Oppmode HFK til å:

- leggja møter/konferansar til «sentrale strøk» (=Bergen) fordi
 - redusert reisetid for mange
 - høve til å reise kollektivt
- videomøter

Fitjar 01.11.16

Leif Helge Engelsen
rektor